

Notat frå mineralåret 1992

Av Torgeir T. Garmo

Også siste året har det vore gjort ei rekke spennande mineralfund rundt i landet vårt. Fordelinga av tunna er vidare enn før, og ofte er dei knytte til område med aktive samlarmiljø som Drammen, Kristiansund og Sandnessjøen. Her er ei lita årskavalkade over ting eg har sett og høyrt, vonleg kan andre fylle på. Av plassgrunnar må ei slik oversikt vera stikkordmessig.

Drammensområde: Også tidlegare har vi sett druser (geoder) med kvarts/amethyst frå «5-minuttern». Nå har større mengder av dette materialet dukka opp, samstundes som det i same forekomta har vorte funne vakre prøver med granat (andraditt?) og kvarts.

Frå Nedre Eiker kjem grupper med røykkvarts og orthoklas frå ei større druse tømd for vatn, og stor og velforma røykkvarts er også funnen i druser i drammensgranitten i Svelvik. Ekeritten på både sider av Eikeren byd også stadig på nye druser – dette siste materialet har eg ikkje sett ennå. Det største funnet om ein ikkje reknar med Grua-tunnelene i volum er likevel også i år frå den nye vegen **Tinnoset-Rjukan**. Ved besøk der i mai rekna eg meir enn 40 druser og mineraliserte sprekkar, bortimot samtlege grundig tømde for krystallar. Vegen er nå ferdig, men det skulle enda vera muglæg å finne nye druser i den bratte, og ulendte skogslia ovafor. Kvartsen frå her er vanligvis kvit/grå med enkle krystallformer, men frå enkelte druser har det kome komplekse fantomkrystaller med hematitt inne- og overvaksen, desse dannar spennande fönster- og ribbe-kvartsar. Frå **Kjørholt** har det i år kome markasitt-/pyritt av ein type vi ikkje har sett tidlegare i Norge. Store, dekorative stoffar kunne blant anna kjøpast på Barkåker-messa.

I **Tvedalen** blir det stadig gjort nye funn i takt med at aktiviteten der har auka. Mest interesse for vanlege samlarar har i år vore dei store feltspatkrystallane frå ei druse i Tuften. Relativt få grupper kom ut, men mange skarpe enkeltkrystallar opp til 15 cm

og overgrodde med albitt, stundom med litt analcim.

Frå **Sørlandet** har eg sett lite nytt i år, berre eit funn frå Vegårdshei med apatitt xx og magnetitt på feltspat/aktinolitt.

Under bygging av Håkons Hall på **Lillehammer** vart det i fundament funnen ein kalkspatbreksje med små, klare kalsitt xx med pyritt i. Dette er, så vidt eg kjenner til, det fyrste mineralfunnet i sparagmitten i denne delen av landet.

Vi flyttar oss til Nordvestlandet der **Krifast-anlegget** nå er ferdig med tunellar, skjeringar og bruer. Ei rekke druser i randsona av eklogitta har også i år levert små septer-amethyst og komplekse kalsittkrystallar. Dei beste funna kjem imidlertid fra Valsøyfjord i Aure, her er det også funne druser med kvarts-septerkrystall opp til 20 cm! Dette 2-3 km lange veganlegget er nå ferdig.

Frå **Nord-Trøndelag** (Namsos-området?) kjem store, skarpe feltspat-krystallar slik Rolf Hansen hadde på messa i Barkåker. Mest interesse har det likevel vore for dei nye kvartsforekomstene i Namdalen. Magnus Svendsli hadde i Barkåker store (og små) grupper med klar kvarts, ofte med ei spesiell striping på terminasjonsflatene. Geologisk Museum i Oslo har fått ei gruppe på meir enn 300 kg (!) frå denne forekomsta.

Frå ei annan forkomst i same området kjem kvarts xx på gul prehnitt, dei større krystallane er oftast lause og sterkt raudfarga av hematittstøv.

Desse nye kvartsfunna er tvillaust verd ein større artikkel.